

**Samling på Stemneplassen fredag**

04.05.2015

**Fredag er det fleire markeringar knytta til siste verdskrigen rundt om i Kvinnherad og ein av dei er på Stemneplassen i Uskedalen klokka 17. Der skal Bjørgulv Eik halda minnetale og musikklaget spela medan ein trio formidlar ny kunnskap om aprildagane i 1940. Det er Lars B. Sæberg, Trond Ramsøy og Einar Gjertsen. Det som gjekk føre seg i desse dagane var heftigare og kraftigare enn ein til no har vore klår over.**

Medan Uskedalen kom frå krigen med minimale materielle skadar, vart Herøysund mykje hardare ramma.

Programmet fredag opnar med kransenedleggjing ved ordførar Synnøve Solbakken ved Rådhuset der ho også held minnetale og seinare på dagen er det eit liknande arrangement ved Husnes kyrkje. Om kvelden er det veteransamling i Peppes Pizza.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen